



## SANDE KOMMUNE

### Ordføraren

MILJØVERNDEPARTEMENTET  
POSTBOKS 8013 DEP,

0030 OSLO

Saknr.	Løpenr.	Arkivkode	Gradert	Avd/Saksb.	Dato
02/00685	003865/02	/C5/		FOR/AS	11.07.02

### NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID, HØYRING

1. Vi viser til NOU 2002:1 Fortid former framtid som er oversendt kommunen til høyring. Sande kommune vil gjerne kome med eit konkret innspel til høyringa om eit tiltakande problem i høve til Lov om kulturminne. Dette gjeld § 10 som fastset at tiltakshavar skal dekkje utgiftene til særskild granskning av automatisk freda kulturminne eller særskilde tiltak for å verne dei.
2. Sande kommune ligg ved skipsleia ytst på kysten av Søre Sunnmøre og omfattar sydsida av Gurskøya og nokre mindre øysamfunn utanfor. Folketalet er på 2.630. Området vart tidleg busett og her er ei mengd kjende fornminne alt frå steinalderen og framover til seinare tid. Frå arkeologisk hald er det framhalde at det i tillegg må pårekna å vere svært mange ukjende fornminne under jordtorva rundt om i bygdene. I samband med undersøkingar i tilknytning til ulike utbyggingstiltak siste åra er det såleis påvist ei rekke "nye" fornminne eller restar etter menneskeleg aktivitet.
3. Eit kjenneteikn ved kommunen er at om lag all busetnad ligg langs ei smal stripe land langs strandene – nær gode fiskeplassar og i lune vikar og ved strandsider der terreng og jordsmonn gjev levekår for fast busetnad. Her må også den vidare utbygging og utvikling av lokalsamfunna skje dersom områda skal vere busette i framtida. Dette er også dei områda der dei fleste kjende fornminna finns og der sjansane til å påtrefne nye fornminne er størst. Vi opplever no stadig aukande konflikt mellom utbyggingsinteresser og påvisning av automatisk freda fornminne der utbyggaren vert kravd for til dels svært store kostnader til undersøking og utgraving av fornminna eller at utbygging vert nekta av vernemynda. Kostnadane kan gjerne kome opp i millionsummar. Denne situasjonen er også svært godt kjend i andre kommunar i distriktet.
4. Vi vil gjerne understreke at folk flest gjerne ser at fornminne vert granska og tekne vare på for ettertida. Det er også forståing for at ein ikkje i utrengsmål skal bygge ned eller skade fornminne. Så langt syns det å vere rimeleg god relasjon mellom intensjonane i Lov om kulturminne og oppfatningane mellom stordelen av folket i våre område.

5. Sande kommune meiner at undersøkingar, utgraving og ivaretaking av kulturminne frå eldre tider og då i serleg grad automatisk freda kulturminne bør vere storsamfunnet sitt ansvar økonomisk sett. Det kan såleis ikkje godtakast at ein tilfeldig lokal tiltakshavar skal bli påført til dels svært store uventa ekstrakostnader og tillegg store tidstap på grunn av at det vert påvist fornminne på eigedomen. Vi ser i NOU'en, pkt. 5.3.4, at fleirtalet i utvalet er inne på tanken at staten bør dekkje meir av kostnadane ved mindre private tiltak. Vi vil meine at staten også bør dekkje alle kostnadane og ikkje berre for mindre private tiltak men for alle private tiltak og også kommunale utbyggingstiltak evt. med visse avgrensingar. Vi ser vidare at utvalet har fått oversendt eit privat lovforslag frå Stortinget vedrørande dette til nærmare vurdering (dok. Nr.8: 14 (1999-2000) men kan ikkje oppdage nokon stad at utvalet har kommentert dette dokumentet. Vi er i hovudsak samde i dette lovforslaget og ser gjerne at det kan kome inn ved revisjonen av Lov om kulturminne.
6. For mange kommunar - og då serleg mindre kommunar - er dagens praksis med at dekning av utgravingskostnadane ved evt. frigjeving skal dekkjast av tiltakshavar med heimel i § 10 i Lov om kulturminne ei urimeleg belastning som råkar svært ulikt alt etter om det vert påvist freda kulturminne eller ei. Ein kan snart ikkje tote å fremje eit sårt tiltrengt allment utbyggingstiltak av frykt for dei økonomiske konsekvensane av evt. arkeologiske undersøkingar. Ofte er det heller ikkje alternative lokaliseringar for tiltaket mogleg med rimeleg økonomisk innsats. Dette hemmar i stor grad ei naturleg utvikling i fleire av våre små og sårbare bygdesamfunn.
7. Dette bør det gjerast noko effektivt med ved den føreståande revideringa av Lov om kulturminne slik at dei økonomiske belastningane ved arkeologiske utgravingar kveler ein naturleg vekst og utvikling i våre område.

Vi vonar at våre argument for endring av Lov om kulturminne i fråsegna ovanfor kan bli tekne med og vurderte med positivt resultat i det vidare lovarbeidet.

Med helsing



Arne Dyrhol  
ordførar



Aslak Storegjerde  
konstituent

Kopi sendt: